



Ein varmare by

Oslo KrFs program
for bystyreperioden 2015–2019

Ein varmare by med kristne verdiar

Kristeleg Folkeparti vil at Oslo skal vera byen med det store hjartet – varm, menneskeleg og inkluderande. Oslo skal vera verdas beste storby for born å vekse opp i. Oslo skal vera ein trygg by som er rik på moglegheiter og opplevingar – og der ulike menneske kan utnytte potensialet sitt. Oslo skal vera ein by som stiller opp for dei som treng samfunnet si støtte. Ein by prega av rein luft, grønne lunger og nærleik til fjorden.

I dette programmet finn du Oslo KrFs løysingar for at Oslo skal vera ein slik by.

Eit kristendemokratisk sentrumsparti

KrF er eit kristendemokratisk sentrumsparti. Verdigrunnlaget vårt forpliktar oss til kamp for likeverd, sosial rettferd og vårt felles miljø.

Det kristne menneskesynet legg til grunn at alle menneske er skapte med ukrenkjeleg verdigheit og umistelege rettar. *Nestekjærleiken* forpliktar til radikal omsorg og grenselaus solidaritet, fordi vi alle deler den same menneskelegheita. *Forvaltaransvaret* legg vekt på at miljøet og ressursane skal forvaltast ansvarleg til beste for alle menneske, både nolevande og komande generasjonar.

KrF ser på mennesket som fritt, ansvarleg og sosialt. Vi skal ha fridom til å leve liva våre slik vi sjølve ynskjer det. Med fridomen fylgjer det eit personleg ansvar – for oss sjølve og omgjevnadene våre. Vi er fellesskapsvesen som realiserer potensialet vårt i samspel med andre.

KrFs mål for samfunnet er det felles beste, det vil seia eit samfunn som legg til rette for at alle borgarar kan realisere potensialet sitt. Samfunnet består av mange små og store fellesskapar – og fellesskapar blir bygde best nedanfrå gjennom ansvarlege einskildmenneske, familiar og eit sterkt sivilsamfunn.

Verdiar for framtida

Verdiane frå den kristne og humanistiske tradisjonen har vore avgjerande for utviklinga av likeverdstanden, menneskerettane og demokratiet. For mange menneske, både historisk og i dag, har kristen etikk gjeve inspirasjon til politisk kamp for menneskeverd, omsorg for dei sårbare og vern om skaparverket.

Uavhengig av livssyn er dette gode verdiar å byggje samfunnet på. Mange har erfart at det går an å alliere seg på tvers av tru og livssyn for å kjempe for menneskelivet si verdigheit, ei meir rettferdig verd og berekraft. KrF inviterer alle Oslos borgarar – uansett bakgrunn – til å støtte programmet vårt.

Saman lagar vi ein varmare by med plass til alle!

Innhald

1. Verdas beste storby for born

- 1.1 Ein Oslo-barnehage som lèt born vera born
- 1.2 Ein Oslo-skule som ser heile eleven
- 1.3 Like moglegheiter for alle born
- 1.4 Ein barnevenleg by

2. Det gode livet i storbyen

- 2.1 Livskvalitet i alle fasar av livet
- 2.2 Noko å leve av – trygge arbeidsplassar og skapande næringsliv
- 2.3 Noko å leve for – eit aktivt liv i storbyen
- 2.4 Trygg by
- 2.5 Ein velfungerande kommune

3. Byen med det store hjartet

- 3.1 Ein samla by
- 3.2 Rom for alle – eit inkluderande Oslo
- 3.3 God folkehelse
- 3.4 Ein føregangsby for kvalitet i eldreomsorga
- 3.5 Rusomsorg – hjelp til eit rusfritt liv
- 3.6 Vald i nære relasjonar
- 3.7 Prostitusjon – vern og hjelp til eit nytt liv
- 3.8 Ein solidarisk by

4. Den grønne storbyen

- 4.1 Vidareutvikle den blågrønne byen
- 4.2 Ein berekraftig by
- 4.3 Eit moderne og miljøvenleg transportsystem

1. Verdas beste storby for born

Eit samfunn som er godt for borna, er godt for alle. Ein god barndom varar livet ut. KrF set born og unge fyrst – og målet vårt er et at Oslo skal vera verdas beste storby for born å vekse opp i.

Born og ungdom i Oslo skal ha trygge og gode liv. Alle born skal ha like moglegheiter til å bli sett, delta og utvikle seg i oppvekstmiljøet sitt. Det krev barnehagar som lèt borna utforske livet på eigne premissar og skular som ser heile eleven. Byen skal ha gode leike-, aktivitets- og kulturtilbod for born og unge.

Kommunen skal sjå dei sårbare og utsette borna. Kamp mot barnefattigdom og styrking av barnevernet må vera sentrale satsingar i åra som kjem, saman med ei styrking av helsetilbodet for born og unge.

1.1 Ein Oslo-barnehage som lèt born vera born

KrF vil leggje vekt på å skapa mangfald, fleksibilitet og kvalitet i Oslo-barnehagen. Born og familiar har ulike behov, og barnehagetilbodet må organiserast på borna og familiare sine premissar. Kvaliteten i barnehagane må sikrast gjennom høg vaksentettleik, kompetent personale og gode lokale og uteområde. KrFs mål er å auke talet på pedagogar i Oslos barnehagar.

Barnehagane skal ikkje vera skule, men ein stad der borna opplever meistring gjennom leik og læring. Borna i barnehagen skal utforske livet på eigne premissar. God læring i førskulealder gjev borna viktig ballast. Det er særleg viktig at dei tilsette har gode språkkunnskapar og kan setja inn tiltak som sikrar alle born ei god språkutvikling.

Oslo KrFs løysingar:

- Oslo-barnehagen skal gje læring gjennom leik, samspel og trivsel.
- Målrette kartlegging av ferdigheiter og pedagogiske tiltak mot tidleg innsats for å lære språk og støtte overfor barn med spesielle behov.
- Styrkje dagens bemanningsnorm for Oslo-barnehagen.
- Auke pedagogtettleiken i Oslo-barnehagane og ta i bruk eit breitt apparat av verkemiddel for å rekruttere barnehagelærarar og gje ufaglærte barnehagetilsette pedagogisk etterutdanning.
- Arbeide for at delen av barnehagetilsette som har dispensasjon frå utdanningskravet, blir redusert gjennom nyrekruttering og etterutdanning.
- Barnehagetilsette må ha tilstrekkeleg norskkompetanse. Søkjarar må ha greidd norskprøve 3 for å få jobb i Oslo-barnehagen.
- Sikre eit mangfald i barnehagetilbodet og god balanse mellom kommunale, ideelle og private barnehagar i Oslo.
- Ikkje gjennomføre nye rundar med konkurranseutsetjing og sal av kommunale barnehagar.
- Leggje til rette for barneparkar, både i kommunal og privat/ideell regi.

- Utvide tilbudet med fleksible opningstider i barnehagane, med reglar om maksimal opphaldstid for borna og avgrensing av talet på opphald utanom ordinær barnehagedag. Hovudregelen må vera at arbeidslivet tilpassar seg borna og foreldra sine behov.
- Innføre to barnehageopptak i året. Barnehagane må kompenseras økonomisk for ekstrakapasiteten som krevst.
- Oppfordre staten til å innføre same ordning for barnehageopptak nasjonalt og bidra til å dekkje kostnadene for plassar som i periodar står tomme i den einkilde kommunen.
- Vidareføre inntektsgraderte barnehageprisar og gje syskenmoderasjon til foreldre som har born i både barnehage og aktivitetsskule.
- Vidareføre gratis kjernetid for låginntektsfamiliar og vurdere dette innført også for 3-åringar.
- Avvise forslag om å gjera barnehagen obligatorisk. Barnehagen skal framleis vera eit frivillig tilbod.
- Barnehagane skal formidle kjennskap til vår kristne og humanistiske arv og det religiøse mangfaldet i byen. Det skal framleis gjevast høve å markere tradisjonelle høgtider som jul og påske.

1.2 Ein Oslo-skule som ser heile eleven

Ein god skule gjev like moglegheiter for alle og er det beste vi kan gje byens born og unge. Kunnskap er det som gjev oss høve til å ta ansvar for liva våre og realisere potensialet vårt. Kunnskap er nykelen til at alle kan delta i samfunns- og arbeidslivet. Ein god skule i dag gjev Oslo betre føresetnader for å lukkast som millionby som nokre tiår.

Ein god skule skal både utdanne og danne. Skulens oppgåve er ikkje berre å formidle kunnskap og fakta. Skulen må sjå heile eleven og gje ballast til å meistre alle delar av livet. Grunnleggjande teoretiske ferdigheiter i basisfaga norsk, engelsk, framandspråk, matematikk og naturfag er avgjerande – men satsing på basisfag må ikkje føre til at anna kunnskapsformidling blir prioritert bort. KrF vil understreke betydninga av humanistiske, praktiske og estetiske fag i skulen.

Sats på Oslo-læraren

Det viktigaste verkemiddelet for å skapa ein god skule er å rekruttere og halde på dyktige lærarar som ser kvar einskild elev og maktar å motivere og inspirere elevane til innsats. Høgare lærartettleik gjev meir tid til kvar elev og aukar høvet læraren har til å støtte elevane i læringsarbeidet. Lærarane må visast tillit og gjevast pedagogisk fridom, og «tidstjuvar» i kvardagen, som stel av tida med elevane, må unngåast. Kartlegging og rapportering må aldri bli noko mål i seg sjølv.

Oslo KrFs løysingar:

- Få inn fleire yrkesgrupper i skulen, slik at læraren kan fokusere på å vera pedagog.
- Kartleggje behova for kompetanseutvikling blant lærarar, og tilby ei målretta etter- og vidareutdanning for å møte desse behova.

- Forsterke kravet om fagleg oppdatering av lærarar, mellom anna ved å stille tydelege og objektive krav til det pedagogiske utviklingsarbeidet ved kvar ein skule.
- Redusere rapporteringsmengda for lærarane. Kartlegging og rapportering skal avgrensast til det som har bevisleg effekt på læring og trivsel.
- Evaluere bruken av testar i Oslo-skulen.
- Vidareføre samarbeidsprosjektet Teach First og få fleire dyktige nyutdanna lærarar inn i Oslo-skulen.
- Rektorane i Oslo skal ha relevant leiarkompetanse.

Tidleg innsats

I Oslo møter mange elevar opp til fyrste skuledag med manglande språkferdigheiter. Andre startar skulen med andre kunnskapshøl som fører til at dei blir hengande etter. Tidleg innsats er viktig for å gje alle elevar like moglegheiter – og hindre fråfall i vidaregåande opplæring. Målet må vera at kunnskapshøl hjå elevane blir tetta så tidleg som mogleg. Difor er det eit særleg behov for å styrkje opplæringa og lærartettleiken på 1. til 4. trinn i grunnskulen.

Oslo KrFs løysingar:

- Arbeide for å gradvis styrkje lærartettleiken i Oslo-skulen. 1. til 4. trinn skal prioriterast.
- Setja inn ressursar til spesialundervisning så tidleg som mogleg.
- Halde fram med å gje elevar i Oslo-skulen fleire timar i basisfaga enn det som er statens norm, men også gje rom for humanistiske, praktiske og estetiske fag.

Ein betre skuledag

Barn oppheld seg i dag meir på skulen enn tidlegare. Innhaldet i skuledagen må difor vera meningsfylt. Fleire dobbeltarbeidande foreldre og sterkare vektlegging av skule og utdanning i samfunnet har ført til at skuledagane er blitt lengre. Stadig fleire born nyttar aktivitetsskulen, som for mange er kostbar og har varierende kvalitet. Oslo KrF vil ta grep for å sikre at skuledagen blir endå meir meningsfull.

Oslo KrFs løysingar:

- Heve kvaliteten i aktivitetsskulen (AKS) og vidareutvikle dette som eit sosialt og pedagogisk tilbod.
- Innføre syskenmoderasjon i aktivitetsskulen og vidareføre inntektsgradert betaling.
- Styrkje moglegheitene for å lære nye språk ved å tilby eit tredje framandspråk som valfag og utvide valmoglegheitene til å gjelde fleire ikkje-europeiske språk.
- Elevar i grunnskulen bør ha fysisk aktivitet kvar dag.
- Doble symjeundervisninga frå 20 til 40 timar. Alle elevar skal kunna symja innan 4. trinn.
- Seia nei til karakterar i barneskulen.
- Vidareutvikle sidemålsundervisninga og halde på eigen karakter for sidemål.
- Ha eit tydeleg ordensreglement i Oslo-skulen og gje lærarane høve til å handheve dette.

Gode læringsmiljø

Oslo-skulen skal vera ein god stad å lære – og ein god stad å vera. Det stiller krav til både det fysiske og psykososiale læringsmiljøet. Elevundersøkingar viser at talet på elevar som blir mobba i skulen, diverre ikkje har gått ned dei siste åra. KrF ynskjer difor ein forsterka innsats mot mobbing i skulen. Det er også behov for å styrkje skulehelsetenesta.

Oslo KrFs løysingar:

- Sikre nok skuleplassar ved å halde fram investeringane i nye skulebygg.
- Forsterke innsatsen for å ta igjen vedlikehaldsetterslepet i Oslo-skulen.
- Leggje opp til at skulane blir lokale kulturbygg og kraftsentrum i lokalmiljøa, ved å samlokalisere dei med idretts- og nærmiljøanlegg og sikre at nye skulebygg møter behova til musikk- og teaterlivet.
- Styrkje elevane sin medråderett ved skulane.
- Sikre Elev- og lærlingombudet gode arbeidsvilkår.
- Styrkje skulehelsetenesta gjennom ein systematisk opptrappingsplan. Målet er at det skal vera ei 100 % helsesystemstilling per 500. elev i barneskulen og ungdomsskulen og per 700. elev i vidaregåande skule (dagens tal er om lag 800/700 og 1000).
- Alle skulane i Oslo skal ha ein strategi for å kjempe mot mobbing, og ha nulltoleranse for mobbing, diskriminering og hets på bakgrunn av etnisitet, religiøs tilhøyrslse eller seksuell orientering.
- Lærarar i Oslo-skulen skal ha kompetanse om korleis ein førebyggjer, avdekkjer og kjempar mot mobbing og grip inn tidleg ved urovekkjande åtferd.
- Etablere eit eige mobbeombod i Oslo, som kan jobbe systematisk med å førebyggje mobbing og bidra til at mobbesaker blir melde og tekne tak i på ein slik måte at mobbinga opphøyrer. Mobbeombodet skal vera ein stad å vende seg til for born og foreldre når dei opplever at mobbesaker ikkje blir gripne fatt i og gjorde noko med frå skulen si side. Mobbeombodet skal vera ein inspirator og fagleg pådrivar for godt førebyggjande arbeid mot mobbing på skulane.

Heim og skule

Born presterer betre fagleg og utviklar seg betre sosialt når det er eit godt samarbeid mellom heim og skule. Eit godt skule/heim-samarbeid bidreg til at foreldra kan ta hand om ansvaret dei har for oppsedinga av barnet også når barnet er på skulen. Skule/heim-samarbeidet må bera preg av felles mål, gjensidig forplikting og medverknad.

Oslo KrFs løysingar:

- Forsterke samarbeidet mellom heim og skule, mellom anna gjennom ei ordning med skriftleg samarbeidsavtale mellom heim og skule i grunnskulen, som blir underteikna av begge partar ved skulestart. Avtalen skal tydeleggjera kva forventningar skulen har til dei føresette og kva forventningar dei føresette har til skulen. Avtalen skal danne grunnlag for samarbeidet mellom heim og skule, og fylgjast opp i dialogen mellom lærar, føresette og skuleleiinga.
- Tilstetja eigne skule/heim-koordinatorar med sosialfagleg utdanning på utvalde skular. Det kan vera særleg aktuelt i område med høg del minoritetsspråklege elevar og elevar frå låginntektsfamiliar. Koordinatoren skal ha ansvar for å hjelpe og avlaste lærarane i

skule/heim-samarbeidet. Skule/heim-koordinatoren skal også drive oppsøkjande verksemd.

Fleire skal fullføre og bestå

For mange elevar fullfører ikkje den vidaregåande opplæringa. Særleg er dette ei utfordring på yrkesfag. Utan vidaregåande opplæring vil mange unge menneske få ein vanskeleg start på livet og ofte hamne på passiv stønad. KrF vil ha ein aktiv politikk for å redusere fråfallet i Oslo-skulen.

Oslo KrFs løysingar:

- Halde på dagens ambisiøse målsetjing om at 90 prosent av Oslo-elevane skal fullføre og bestå vidaregåande skule (75 prosent på landsplan).
- Etablere ei eiga mentorordning for yrkesfag.
- Styrkje rådgjevingstenesta slik at det finst kompetanse innan spesialpedagogikk, psykologi og karriererettleiing på kvar skule.
- Den teoretiske utdanninga på yrkesfag bør i større grad yrkesrettast.
- Arbeide målretta for å auke statusen til yrkesfaga.
- Styrkje samarbeidet mellom yrkesfag og næringslivet.
- Sikre betre tilgang på læreplassar i private og kommunale verksemder.
- Store offentlege utbyggingsprosjekt skal alltid vera såkalla varde-prosjekt, det vil seia at det blir nytta lærlingar i alle ledd.

Eit mangfaldig skuletilbod

Oslos skuletilbod skal vera prega av eit mangfald, både innan den offentlege skulen og gjennom friskular som supplerer det offentlege tilbodet. Det skal alltid stillast strenge krav til kvalitet. Det er grunnleggjande positivt at foreldre har høve til å velja skular med alternative pedagogiske arbeidsformer og livssyn – slik som til dømes Steinerskulen eller Kristeleg Gymnasium.

Oslo KrFs løysingar:

- Halde på dagens ordning med fritt skuleval.
- Sikre at nærskulen er eit reelt fyrsteval for foreldre og elevar, og at desse skulane blir sikra ressursar til å ta imot alle elevar.
- Oslo kommune skal ha ei positiv grunnhaldning til skular som representerer eit supplement og alternativ til den offentlege skulen – så lenge desse tilfredsstillar naudsynte kvalitetskrav. Foreldra sin rett til sjølv å velja opplæring for borna må takast vare på.
- Etablere ei ordning der friskular kan søkje om midlar til mindre investeringar/vedlikehald ved sin skule, etter mønster frå Akershus fylkeskommune.
- Vera positiv til etablering av ein kristen grunnskule i Groruddalen, mellom anna ved å leggje til rette for tomt.
- Vidareutvikle dei vidaregåande skulane si spesialisering som temaskular.
- Styrkje elevane sine moglegheiter til å ta eitt år av den vidaregåande skulen i utlandet, og gje elevar i Oslo-skulen høve til å søkje om å få ta heile den vidaregåande opplæringa utanlands.

Verdiforankra og livssynssopen skule

KrF vil leggje vekt på at den offentlege Oslo-skulen framleis skal byggje på den kristne og humanistiske føremålsparagrafen slik han er formulert i Opplæringslovas § 1:

«Opplæringa skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som òg kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.»

Oslo KrFs løysingar:

- Oslo-skulen skal gje elevene kunnskap om den kristne og humanistiske kulturarven vår og det religiøse mangfaldet i byen.
- Skulen skal framleis gje rom for å markere religiøse høgtider gjennom til dømes skulegudstenester. Desse markeringane skal sjølvstøtt vere baserte på frivilligheit, og det skal gjevast gode alternativ.
- Det skal framleis leggjast til rette for religiøse aktivitetar i skuletida som er initierte av elevane sjølve.

1.3 Like moglegheiter for alle born

Alle born og unge skal ha så like moglegheiter som råd til å utvikle potensialet sitt, uavhengig av sosial bakgrunn, ulike tilhøyrslar eller funksjonsevne. Skal Oslo bli ein by der born erfarer dette, må fleire barn bli sett, bli tryggare og lyftast ut av fattigdom.

Kamp mot barnefattigdom

Born som veks opp i fattigdom, blir fråtekne moglegheiter som andre born har. Studiar har vist at fattigdom gjev born dårlegare livsmoglegheiter på sikt. Fleire har også vist at låg inntekt i barndomen kan verke inn på borns helsetilstand. Dei fleste born deltek i organiserte fritidsaktivitetar, men born frå låginntektsfamiliar deltek sjeldnare enn andre born. KrF vil forsterke innsatsen mot barnefattigdom i Oslo.

Oslo KrFs løysingar:

- Styrkje Oslo-skulen som den viktigaste arenaen for sosial mobilitet, slik at elevane får like moglegheiter uavhengig av sosioøkonomisk status.
- Gje barnefamiliar som treng det, tilbod om eigna familiehusvære i trygge bumiljø.
- Innføre ei ordning der det blir gjevne moglegheit for ein gratis fritidsaktivitet for born som har foreldre med låg inntekt.
- Ha ei prøveordning med såkalla «fleksible tiltaksmidlar» på 10 skular i Oslo, etter mønster frå Kristiansand kommune. Dette er ein pott som læraren og rektor på skulane kan bruke for å kjøpe utstyr dei utsette elevane manglar for å kunna delta fullt ut i skulekvardagen eller på fritidsaktivitetar.

- Gje tilskot til organisasjonar som bidreg til at born og ungdom med fattigdomsproblem og familiane deira kan delta i ordinære kultur- og fritidsaktivitetar og/eller ferieaktivitetar.
- Styrkje ordningar med frikort på aktivitets- og kulturtilbod i Oslo.
- Sikre at nivået på sosialhjelpa til barnefamiliar er til å leve av.

Tryggleik for utsette born

Ein trygg og god oppvekst er viktig for å ha det bra som born og lukkast seinare i livet. Somme born og unge lever diverre under forhold som kan skade helsa og utviklinga deira. Vi treng eit barnevernslyft i Oslo for å sikre at alle born og unge får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid, og for å bidra til at born og unge får trygge oppvekstkår.

Oslo KrFs løysingar:

- Gjennomføre eit lyft for barnevernet i Oslo, gjennom kompetanseheving, styrkt bemanning og auka kapasitet.
- Sikre full barnevernsdekning – det vil seia at kapasiteten i det offentlege apparatet ikkje skal avgrense barna sine moglegheiter til ein trygg oppvekst.
- Rekruttere fleire fosterfamiliar og tilsynsførarar.
- Sikre born og familiar i barnevernet faste kontaktpersonar og stabil oppfølging.
- Sikre ettervern fram til fylte 23 år for barnevernsborn som treng det.
- Arbeide for at tilliten til barnevernet blir styrkt i minoritetsbefolkninga.

Helsetilbod for barn og unge

Ei god helse er grunnleggjande for alle born og unge. Sjølv om helsa til born og unge i Oslo jamt over er bra, ser vi utfordringar knytte til mellom anna rus, seksuell helse og psykisk helse. Trygge rammer og gode oppvekstvilkår er viktig for at born og unge skal utvikle ei god psykisk helse. Psykisk helsearbeid for born og unge er eit ansvar for kommunen som heilskap. Det involverer alle kommunale tenester som er i kontakt med born og unge.

Oslo KrFs løysingar:

- Styrkje skulehelsetenesta (sjå skulekapittelet) og helsestasjon for ungdom som eit gratis lågterskeltilbod for dei mellom 13 og 24 år.
- Ha helsestasjon for ungdom i alle bydelar.
- Syte for at helsetenesta til kommunen har eit nært samarbeid med barne- og ungdomspsykiatrien.
- Sikre god informasjon og kunnskapsformidling om psykisk helse i Oslo-skulen.
- Forsterke det førebyggjande arbeidet mot tobakk og bruk av rusmiddel blant born og unge i Oslo.
- Etablere fleire rusfrie arenaer for born og unge.

Born og unge med nedsett funksjonsevne

Born og unge med nedsett funksjonsevne skal sikrast full deltaking og likestilling. For å få dette til må både det einskilde barnet, og somme gonger heile familien til den unge funksjonshemja, vera med når behov blir kartlagde og hjelpetiltak utforma. Behovet for og

ynsket om hjelp er ulikt. Det er viktig at born og unge som har ei funksjonsnedsetjing, kan vekse opp heime hjå familien.

Oslo KrFs løysingar:

- Sikre at alle arenaer der born og ungdom ferdast, er universelt utforma. Alle skular skal vera universelt utforma innan 2020.
- Born og unge med nedsett funksjonsevne skal få eit tilpassa tilbod både i barnehagar og gjennom heile utdanningslauget, slik at dei får like moglegheiter som andre til opplæring, og tilboda må kunna gjevast i nærområda.
- Sikre at alle som jobbar i barnehagar og skule har god kompetanse på born med nedsett funksjonsevne.
- Barn og unge med nedsett funksjonsevne skal sikrast gode moglegheiter for ei aktiv fritid.
- Syte for at foreldre som får born med nedsett funksjonsevne, har eit fast kontaktpunkt i kommunen.

1.4 Ein barnevenleg by

Byutviklinga har ikkje alltid teke omsyn til born og unge. Lenge har dei yngste blitt sett på som «uferdige» vaksne i staden for sjølvstendige individ. KrF ynskjer eit Oslo som snur opp ned på dette – som tilpassar seg borna sine behov og lyttar til ynska deira.

Barnevenleg byutvikling

Oslo endrar seg stadig, og byen er i sterk vekst. I byutviklinga er born og unge si røyst svært viktig. Sterk urbanisering kan føre til at born og unge har mindre høve til å røre fritt på seg, og utrygge skuleveggar gjer at dei sjeldnare går til skulen. Samstundes viser studiar at born som bruker uteromma, verkar positivt på det sosiale miljøet på heimstaden. KrF vil at born og unge skal bestemme meir av byutviklinga i Oslo.

Oslo KrFs løysingar:

- Born og unge sin medverknad skal sikrast i alle planprosessar og byutviklingsprosjekt.
- Innføre ei ordning med ein demokratisk vald barne- og ungdomsrepresentant (med tale- og forslagsrett) i byutviklingskomitéen til bystyret.
- Etablere eit «Barnas Trafikkråd» som skal sikre tryggare ferdsle for born og unge.
- Born og unge sitt høve til å røre fritt på seg, leike utandørs og gå eller sykle til skulen, skal tilleggjast avgjerande vekt ved alle byutviklingsprosjekt.
- Alle nye reguleringsplanar skal sikre nok areal for leik, friluftsliv og idrett.
- Halde fram utbygginga av nærmiljøanlegg, ballbingar, kunstgrasbaner og fleirbrukshallar.
- Alle born i Oslo skal bu i gangavstand frå ein leikeplass. Leikeareala skal vera trygge og tilpassa ulike aldersgrupper.
- Alle utbyggingsprosjekt må omfatte ei konsekvensvurdering av effekten på bu- og oppvekstvilkår for born og unge.

Opplevingar for born og unge

Oslo skal vera ein by der born og unge kan oppleve og utforske livet – med en stor variasjon av fritidsaktivitetar og kulturtilbod. KrF vil vidareutvikle Tøyen til å bli «barnas bydel», med leikeareal, idrettsanlegg og opplevingar for born og unge.

Oslo KrFs løysingar:

- Leggje til rette for eit rikt fritidstilbod til born og unge i alle bydelar.
- Auke tilskotet til Oslos frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar, og la tilskotet fylgje vanleg konsumprisindeks.
- Prioritere barne- og ungdomsidretten framfor større idrettsarrangement.
- Gje kulturtiltak med born og unge som målgruppe særleg prioritert ved tildeling av kommunale tilskot.
- Styrkje Oslo musikk- og kulturskule som kommunen sitt ressurscenter for musikk- og kulturopplæring retta mot born og unge, og auke talet på elevplassar.
- Sikre Oslos einaste musikkfestival for born, MiniØya, gode rammevilkår.
- Etablere eit eige «barnebibliotek» på Tøyen, med ei eiga avdeling der berre born og unge har tilgang.
- Byggje eit nytt badeland på Tøyen.
- Etablere eit vitenscenter på Tøyen. Eit vitenscenter er eit populærvitskapeleg opplevings- og læringscenter innan matematikk, naturvitskap og teknologi, der dei besøkjande lærer ved å eksperimentere sjølv.
- Bidra til at kommunen blir ein aktiv partner for å realisere Oslo Barnemuseum, gjerne i tilknytning til anna satsing på Tøyen. Eit barnemuseum er eit miljø med aktivitetar som er skapte for å inspirere til aktiv leik og læring for born og familieane deira. Målet er å hjelpe born å utvikle si kreative tenking, sjølvtilitt og kjennskap til verda.

2. Det gode livet i storbyen

Stadig fleire menneske oppdagar det gode livet i Oslo. Studentar strøymar til byen for å ta utdanning for framtida. Mange familiar vil bu sentralt med kort avstand til skule, barnehage, jobb, kino og kafé. Seniorane blir stadig meir aktive og friske. Vi må ta vare på det gode livet i byen – ved å sikre det som gjev livskvalitet i kvardagen og halde byen trygg.

2.1 Livskvalitet i alle fasar av livet

Eit aktivt liv som senior

Det blir stadig fleire eldre i Oslo, og dei eldre blir stadig friskare. Samfunnet treng difor eit nytt syn på eldre menneske. Dei fleste eldre er ein ressurs, både for seg sjølve, for familieane sine og for byen.

Oslo er tilslutta nettverket for aldersvenlege byar i Verdas helseorganisasjon (WHO). I Oslo skal seniorane våre kunna leve sjølvstendige, aktive og trygge liv med god livskvalitet. Det er viktig å motverke einsemd og skapa kontakt mellom generasjonane. Mange eldre gjer ein viktig jobb i frivillighetsarbeidet.

Oslos seniorpolitikk skal hindre utstøying frå arbeidslivet og leggje til rette for at seniorane kan stå lenger i arbeid dersom dei vil det. Det er dei eldre sitt eige ynske og eit politisk mål at seniorane skal kunna bu heime hjå seg sjølve heile livet, eller så lenge som mogleg. Dette gjev god livskvalitet og størst fridom til å styre eige liv.

Sidan krigen har vi hatt ein bustadpolitikk om at flest mogleg skal kunna eige sin eigen bustad. Også eldre menneske må få informasjon og rettleiing om korleis dei kan leggje til rette for eige bustadbehov ut frå dei ressursane dei har. Dei som ikkje klarer å dekkje eige behov for trygg bustad i alderdomen, skal få gode kommunale hjelpetilbod. For eldreomsorg, sjå avsnitt 3.3.

Oslo KrFs løysingar:

- Leggje til rette for at dei seniorane som ynskjer det, kan få moglegheit til å stå lenger i arbeid i Oslo kommunes verksemdar, mellom anna leggje til rette for fleksible deltidordningar.
- Leggje vekt på tiltak som fremjar kontakt mellom generasjonane, både i barnehagar, aktivitetsskular og skular, og på byens seniorsenter, sjukeheimar, og liknande.
- Vidareutvikle seniorsentera, slik at dei har ulike rådgjevingstenester som eldre treng for å kunna bu heime, mellom anna rettleiingsteneste for bustadtilpassing.
- Utvikle seniorsentera som endå viktigare sosiale møteplassar.
- Samlokalisere fleire seniorsenter med frisklivssenter, ulike lærings- og meistringssenter, frivillighetssentralar og liknande for å skapa større miljø og fleire tilbod som dei eldre treng.
- Gje ulike seniorsenter ulike spesialoppgåver så dei både kan tene «sine lokale eldre» og dessuten vera kompetansmiljø for andre seniorsenter.

- Vera ein pådrivar overfor statlege styresmakter for å få laga ei ordning der staten kan ta ein del av handverkarrekninga når eldre tilpassar sine eksisterande bustader for framleis å kunna bli buande der som gamal.
- Bidra til å motivere dei private eigedomsutviklarane til å byggje ulike private seniorbustader med fellesareal og fellestenester.
- Vurdere kommunale tomter som kan seljast for å byggje bustader til eldre.
- Oppmuntre til at kulturlivet i byen legg til rette for kulturarrangement på dag- og ettermiddagstid, som ofte er betre tidspunkt for byens eldre borgarar.
- Gjennomgå kommunen sine ulike verksemdar med tanke på å gjera Oslo til ein endå meir aldersvenleg by.
- Gje god informasjon om velferdsteknologi som eldre kan ha nytte av for å ha eit enklare liv og for å kunna bu heime.
- I planlegginga av Oslos byutvikling skal det setjast av areal til ein heilskapleg generasjonsvenleg sosial infrastruktur (skular, barnehagar, pleie- og omsorgsinstitusjonar, Omsorg+ og tilrettelagde omsorgsbustader).

Ein familievenleg by

Familien er den fyrste og for mange den viktigaste av alle fellesskapane vi blir ein del av gjennom livet. For born er familien er den mest grunnleggjande arenaen for tilhøyrslø, nærleik og fellesskap. Stabile og trygge familiar gjev trygge born som veks opp til å bli trygge vaksne. KrF vil støtte opp om familiane. Oslo skal vera ein by der det er attraktivt å etablere seg som småbarnsfamilie.

Oslo KrFs løysingar:

- Sikre full barnehagedekning, rask og nær barnehageplass og eit mest mogleg fleksibelt barnehage tilbud over heile byen (sjå elles kapittel om barnehagar).
- Gje innbyggjarane moglegheit til å velja alternativ til fulltids barnehageplass, slik som deltids plassar og barnepark.
- Ha meir fleksible opningstider i barnehagane.
- Avvise forslag om prøveprosjekt for å avvike den statlege kontantstøtta i Oslo.
- Sikre gode moderasjonordningar i barnehage og aktivitetsskule.
- Gje tilbod om foreldrerettleiingskurs til nye foreldre, og førebyggje samlivsbrot gjennom samtalegrupper og samlivskurs, gjerne i regi av frivillige.
- Støtte opp om organisasjonar som driv familiestøtteprogrammet «Homestart» i Oslo.

Singelbyen

Mange vel å leve det gode livet i byen som singel. Sjølv om single er ei svært ueinsarta gruppe, møter mange single/åleinebuande utfordringar. Somme møter til dømes økonomiske utfordringar.

Oslo KrFs løysingar:

- Sikre at bustadbygginga tek høgd for single/åleinebuande sine behov.

- Arbeide for at kommunale avgifter blir retta meir inn mot forbruk, slik at einpersonshushaldningar ikkje må betale uforholdsmessig mykje, samstundes som miljøvenleg åtferd blir premiert.
- Syte for at nivået på den økonomiske sosialhjelpa dekkjer einslege sine behov.

Studentbyen Oslo

Oslo er Noregs største studentby og skal også vera den beste byen å studere i. Høgare utdanning er eit statleg ansvar, men kommunen må ha eit tett samarbeid med dei høgare utdanningsinstitusjonane. Oslo kan trekkje til seg endå fleire studentar ved å byggje fleire studentbustader, ha eit godt kollektivtilbod og leggje til rette for eit rikt tilbod innan kultur, idrett og friluftsliv. Oslo bør særleg leggje vinn på å bli ein meir attraktiv by for internasjonale studentar.

Oslo KrFs løysingar:

- Oslo kommune skal ha eit tett samarbeid med utdanningsinstitusjonar, studentsamskipnaden og studentdemokratia.
- Leggje til rette for bygging av studentbustader.
- Styrkje det nattlege kollektivtilbodet.
- Prøveprosjekt med døgnruter på t-baneringen i helgene, som kan utvidast til fleire liner og resten av veka dersom det viser seg å dekkje eit behov.

2.2 Noko å leve av – trygge arbeidsplassar og skapande næringsliv

Trygge arbeidsplassar og eit skapande næringsliv er ein føresetnad for livskvalitet og velferd. Oslos sterke folkevekst gjev store moglegheiter for ny verdiskaping og innovasjon. Skal vi lukkast i få fleire inn i arbeidslivet og jamne ut sosiale skilnader, er det naudsynt å skapa mange nye arbeidsplassar i åra som kjem.

Eit skapande næringsliv

Oslo skal vera det naturlege valet for å etablere næringsverksemd, og skal tilby næringslivet internasjonalt konkurransedyktige rammevilkår. Framtida for Oslo ligg i kunnskapsnæringsane. Dette føreset infrastruktur og møteplassar, slik at institusjonar, organisasjonar, verksemdar og einskildmenneske med gode idear kan finne saman og skapa nye verdier.

Oslo KrFs løysingar:

- Gje gründerar gode vilkår for å starte eiga verksemd. Det skal vera enkelt å starte og drive eiga verksemd i Oslo.
- Bidra til at Oslo kommune er serviceinnstilt overfor næringslivet, og redusere sakshandsamingstida.
- Systematisk fjerne unaudsynlege kommunale reglar og forskrifter, slik at skjemavelde og byråkrati blir redusert for verksemdene.
- Gjera Oslo-regionen meir attraktiv for internasjonale selskap å etablere seg i.

- Styrkje opplæring innanfor yrkesfag og entreprenørskap i Oslo-skulen, slik at unge blir oppmuntra til å bli gründerar og starte egne verksemder.
- Leggje vekt på næringslivet sine behov ved utarbeiding av areal- og reguleringsplanar i byen, og syte for at Oslo kan tilby relevante næringslokale.
- Forsterke profileringa av Oslo som reisemål, og gje gode rammevilkår til VisitOslo som Oslos offisielle reiseguide og marknadsføringselskap.
- Etablere eit nytt og større kongressenter i Oslo.
- Styrkje kampen mot useriøse aktørar og skatteunndragingar i alle delar av næringslivet.
- Halde på sundagen som ein spesiell dag og seia nei til ei generell sundagsopning av butikkar.

Styrkt sosialt entreprenørskap

Nokre menneske har av ulike årsaker vanskar med å skaffe seg ein jobb. KrF vil at alle menneske skal kunna vera økonomisk sjølvstendige og meistre dagleglivet. Sosialt entreprenørskap er eit velegna verkemiddel for å hjelpe menneske som har falle utanfor arbeidslivet. Kort fortald er ein sosial entreprenør ein person/verksemd som bruker metodar frå næringslivet for å løyse eit sosialt problem. Fretex er eit døme på ein sosial entreprenør som har gjeve mange ein veg tilbake til arbeidslivet gjennom rettleiing, tillit og støtte.

Oslo KrFs løysingar:

- Kommunen skal vera ein støttespelar for sosialt entreprenørskap, og utarbeide informasjon om kva sosialt entreprenørskap er og blir brukt til.
- Lære opp sosiale entreprenørar slik at dei blir kjende med kommunar som innkjøpar og forvaltar av anbudsreglar.
- Tilby etablerarkurs for sosiale entreprenørar gjennom det kommunale selskapet Oslo Business Region.
- Utvide Ungt entreprenørskap til også å omfatte sosialt entreprenørskap retta mot å løyse sosiale samfunnsutfordringar.
- Leggje til rette for at ideelle verksemder har ei sentral rolle i å forme ut framtidens tenestetilbod i Oslo. På sikt bør 25 % av helse- og omsorgstenestene i Oslo utførast av frivillig og ideell sektor.

2.3 Noko å leve for – eit aktivt liv i storbyen

Mennesket lever ikkje av brød åleine, heiter det. Kristendemokratar legg vekt på at mennesket er eit åndsvesen med behov utover det materielle. Vi treng ikkje berre noko å leve av, men også noko å leve for. Kunst og kultur gjev utfordringar og lyfter oss. Frivillig arbeid gjev livskvalitet. Tru gjev for mange tilhøyrslø og ei grunnleggjande meining til tilværet. Å vera i aktivitet gjev overskot og helse.

Kulturbyen Oslo

Oslo skal vera ein internasjonalt leiande kulturby. Det oppnår vi gjennom ein fri, sterk og sjølvstendig kultursektor. Oslo skal også vera borna sin kulturby – der kulturtiltak for born og unge blir særleg prioritert. KrF vil sikre eit mangfaldig, stimulerande og utfordrande kulturtilbod i Oslo – og legg vekt på at kulturpolitikken må bidra til å styrkje både det profesjonelle og det frivillige kulturlivet.

Oslo KrFs løysingar:

- Auke tilskota til kultursektoren, og prioritere kulturtiltak i regi av born og unge.
- Leggje til rette for at det skal kunna vera mogleg å livnære seg som kunst- og kulturarbeidar i Oslo.
- Avvikle tilskotet til Oslo Nye Teater, som med sine om lag 80 millionar utgjer halvparten av Oslo kommunes kulturtilskot, og fordele dette i ein eigen tilskotspott for talentsatsing og «osloske» oppsetjingar ved teatera i byen (50 prosent) og styrking av tilskotet til andre kulturaktørar i byen (50 prosent).
- Vurdere å selja Oslo konserthus og bruke inntektene på å utvikle annan infrastruktur for kultur.
- Vidareutvikle Oslo musikk- og kulturskule og forsterke samarbeidet med dei lokale musikkgruppene i byen.
- Leggje til rette for ei framleis brei og aktiv korpsrørsle i Oslo, mellom anna ved å sikre gode øvingslokale og eigna oppbevaringsstader for instrument ved skulane.
- Gjennomføre eit løft for byen sine kor, som har blitt hengande etter i tildelinga av tilskot.
- Sikre at Oslo har minst ein rusfri konsertscene i sentrum som er open for ungdom under 18 år.
- Ferdigstille det nye Munchmuseet i Bjørvika.
- Realisere eit nytt Deichmanske hovudbibliotek.
- Oppretthalde bibliotekstrukturen i hovudsak som i dag.
- Behalde biblioteksfilialen på Nordtvedt, men arbeide for at det blir etablert ein ny biblioteksfilial i tilknytning til Grorud senter som kan avløyse Nordtvedt og styrkje tilbodet i bydelen.
- Opprette ein eigen barne- og ungdomsfilial ved Tøyen bibliotek.
- Utvide opningstidene ved biblioteksfilialane, mellom anna gjennom sjølvbetening.

Frivillighet

Oslos innbyggjarar stiller opp, bryr seg og lèt seg engasjere. Dette blir spegla att i den gode oppslutnaden om frivillige organisasjonar, lag og foreiningar i byen. Oslo er heilt avhengig av dei mange tusen einskildpersonane som kvar einaste veke stiller opp i idrettslag, korps, kor og ulike lag og organisasjonar over heile byen. Frivillig arbeid gjev store gevinstar til samfunnet og livskvalitet til den einskilde.

«Frivilligheita lever av lyst og døyr av tvang», heiter det. KrF vil at kommunen skal motivere til frivilligheit gjennom å gje gode økonomiske rammer og invitere til samarbeid, samstundes som ein lèt mangfaldet i frivillig sektor bløme.

Oslo KrFs løysingar:

- Styrkje kommunens tilskot til frivillige organisasjonar, særleg organisasjonar som rettar seg mot born og unge.
- Forenkle kommunen sitt regelverk for tilskot til frivilligheita.
- La frivillige lag og foreiningar bruke fleire av kommunen sine lokale.
- Invitere frivillige lag og foreiningar til å bidra inn i barnehage, skule og aktivitetsskule.

- Styrkje frivilligheitssentralane i bydelane.
- Legge til rette for eit mangfald av organisasjonar, både i arbeidsmåtar og verdigrunnlag.

Ein livssynsopen by

Oslo er ein by prega av vår kristne kulturarv og eit stadig veksande livssynsmangfald. Overalt i byen ser vi spor etter trussamfunna. Kvar veke besøker tusenvis av osloborgarar si lokale kyrkje, bedehus, moské, synagoge eller tempel. Ut frå desse stadene spring det eit rikt sosialt og kulturelt arbeid. Trussamfunna skaper viktige møteplassar og er viktige i integreringsarbeidet.

KrFs mål er at Oslo skal vera en livssynsopen by – som tek på alvor den rolla tru spelar i innbyggjarane sine liv. Kommunen skal vera ein god samarbeidspartnar for livssynssamfunna. Oslo skal vera ein føregangsby for trusfridom. Ingen skal diskriminerast grunna si religiøse overtyding, og borgarane i byen skal kunna vise si religiøse tilhøyrse i det offentlege rommet. Barnehagane og skulane skal lære born og unge om vår kristne kulturarv og dei ulike religiøse tradisjonane som finst i byen.

Oslo KrFs løysingar:

- Auke tilskotet til Den norske kyrkja og andre trussamfunn, slik at desse blir sette i stand til å halde eit høgt aktivitetsnivå over heile Oslo.
- Lage ein plan for å ta igjen vedlikehaldsetterslepet for kyrkjebygg i Oslo.
- Setja av tilstrekkeleg areal til kyrkje, andre religiøse bygg og gravplassar ved planlegging av nye større utbyggingsområde.
- Rettleie migrantmeinigheter slik at dei kan skaffe seg eigna lokale.
- Støtte det religionsdialogarbeidet som skjer i regi av trussamfunna.
- Sikre at elevar i Oslo-skulen som ynskjer å samlast til andakt, bøn eller liknande i friminutt, framleis skal kunna låne eit rom på skulen til dette. Religiøse elevaktivitetar skal ynskjust velkomne, og alle religiøse tradisjonar må sjølvstøtt handsamast likt.
- Halde på Oslos unike ordning med sjukeheimsprestar, og sikre at også buarar med annan religiøs bakgrunn får gode moglegheiter til å samtala om eksistensielle spørsmål ved sjukeheimane.
- Opne kommunale lokalitetar (også Oslo rådhus) for religiøse arrangement.

Ein aktiv by

I Oslo finst det unike føresetnader for å kombinere storbyliv med eit liv prega av fysisk aktivitet og friluftsliv. Byens grønne lungar, den unike Oslo-marka og nærleiken til fjorden gjev moglegheiter for å vera aktiv utandørs, året rundt.

Idrett er ei kjelde til auka trivsel, meistring og overskot. KrF vil sikre at heile Oslos befolkning har moglegheit til å drive idrett og god tilgang på område for friluftsliv i nærleiken av der ein bur. I åra som kjem, er det særleg viktig å sikre befolkninga tilgang på badeanlegg.

Oslo KrFs løysingar:

- Gje gode økonomiske rammer for idretten og sikre gratis treningstid for born og unge i kommunale idrettsanlegg.
- Synleggjera behovet for areal, nye anlegg og rehabilitering av anlegg knytt til idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet i Oslo.
- Ta utgangspunkt i idretten sine egne tilrådingar når nye idrettsanlegg skal planleggjast og realiserast.
- Bruke driftsavtalar med lokale idrettslag for å skapa meir effektiv drift av idrettsanlegg.
- Gje den uorganiserte idretten, slik som skating, gode vilkår i byen.
- Oslo kan vera vertskapsby for store nasjonale og internasjonale idrettsarrangement, men berre dersom dette ikkje går på kostnad av satsing på breiddeidrettsanlegg.
- Sikre at marka, dei grønne lungene og kystområda er godt tilrettelagde for friluftaktivitet.
- Arbeide for at idrettsanlegg og hallar er tilgjengelege for alle og i størst mogleg grad universelt utforma.

Nye idrettsanlegg – Oslo KrFs prioriteringer

Bad- og symjeanlegg

- Ferdigstille eit nytt hovudbad etter internasjonale standardar på Tøyen innan 2018.
- Prosjektere tre områdebad, eitt på Stovner, eitt i nord/vest og eitt i øst/sør.
- Ruste opp og styrkje vedlikehaldet ved eksisterande bad.
- Sikre at byen har eit varmtvassbasseng til terapiføremål.
- Etablere eit flytande, utandørs badeanlegg i Oslo sentrum etter mønster frå badeanlegga i København.

Vintersport

- Utvikle ny ishall på Jordal, skøytehall på Valle Hovin, Grønmo som idrettsområde, ishall på Mortensrud og Sogn, multihall på Stubberud og vidareutvikle Wyller og Grefsenkollen.
- Ruste opp og utvikle eksisterande skianlegg – irekna Skullerud og Lillomarka skianlegg.
- Leggje til rette for fleire isflater for skøyteleik og bandy.

Fleirbrukshallar, idrettsparkar og kunstgrasbaner

- Halde fram utbygginga av fleirbrukshallar, mellom anna Grorud idrettspark, Lambertseter, Leirskallen, Årvoll, Korsvoll og Mortensrud, ferdigstille idrettsparkar på Voldsløkka og Frogner, og vurdere nye hallar på Haugerud og Hallagerbakken.
- Etablere fleire kunstgrasbaner.

«Nye» og uorganiserte idrettar

- Etablere ei cricketbane med internasjonale mål.
- Realisere Voldsløkka skatepark og leggje til rette for fleire anlegg for skaterar i Oslo.
- Prioritere anlegg for uorganiserte aktivitetar, slik som turløyper, balløkker, leikeplassar, parktreningsanlegg og nærmiljøanlegg.

2.4 Trygg by

Oslo skal vera ein by der innbyggjarane kjenner tryggleik. Sjølv om mange pilar peiker i rett retning, viser undersøkingar at mange kjenner seg utrygge i delar av byen på visse tider av døgnet. Oslo har også ein høgare del vinningskriminalitet enn landet elles. Kampen mot menneskehandel og organisert kriminalitet er også svært viktig i ein by som vår.

Oslo KrFs løysingar:

- Ha tett dialog mellom kommunen og Oslo-politiet, og sikre synleg politi over heile byen.
- Behalde politipostar rundt i heile byen, slik at kjennskap til lokale forhold blir sikra.
- Ha eit sterkt nærvær av politi på utsette område som Oslo S, Jernbanetorget, Nedre Karl Johansgate, Grønland, Hausmannsgate/Brugata, Slottsparken, Tøyen, Grünerløkka, Sofienberg og Akerselva.
- Utvide tryggleiksindeksen til fleire bydelar og bruke denne til å kartleggje kvar det er behov for utvida tryggleikstiltak.
- Forsterke ordninga med oslovakter.
- Fylgje opp ljospianen og sikre at fleire område der folk kjenner seg utrygge, blir lyste opp.
- Utvide kollektivtrafikken sitt nattilbod med fleire 24-timarsruter, slik at fleire kan koma seg trygt heim.
- Vidareføre og styrkje SaLTo, ein samarbeidsmodell mellom Oslo kommune og Oslo politidistrikt, som har gjeve gode resultat.
- Setja skjenketida til kl. 02.00, i tråd med tilrådingane frå politi og fagmiljø.
- Utvide samarbeidsprosjektet SALUTT (Sammen lager vi utelivet tryggere) til å gjelde heile byen.
- Slå hardt ned på useriøse aktørar i utelivsbransjen gjennom systematiske kontrollar. Det skal vera nulltoleranse for overskjenking og skjenking til mindreårige.
- Støtte Natteravnene og andre organisasjonar som driv førebyggjande arbeid.
- Motarbeide openlys narkotikaomsetnad.
- Be politiet fylgje opp meldingar av «kvardagskriminalitet», slik som mindre vinningsbrottsverk.
- Samarbeide tett med Oslo-politiet for å motarbeide organisert kriminalitet, menneskehandel og moderne slaveri.
- Setja i verk ein informasjonskampanje der folk flest blir sette i stand til å vera merksame på menneskehandel og lærer korleis dei kan varsle ved mistanke om menneskehandel.
- Motarbeide organisert kriminalitet ved at Arbeidstilsynet, Skatteetaten og andre gjennomfører fleire kontrollar. Kontrollatane må vera godt koordinerte.
- Prioritere tiltak mot tvangsekteskap og kjønnslemlesting.
- Søkje å sikre moglege terrormål i byen samstundes som vi bevarar trygge og opne byrom.
- Arbeide for at den jødiske minoriteten i byen får tilstrekkeleg støtte til naudsynte sikringstiltak.
- Styrkje kommunens vernebuing for å kunna handtereulukker, katastrofar og terror. Alle verksemder i Oslo kommune skal ha ein øvd og kompetent organisasjon.

For vald i nære relasjonar, sjå kapittel 3.6

2.5 Ein velfungerande kommune

Ein effektiv og brukarvenleg kommune er viktig for mange menneske sin kvardag. Oslo kommune skal vera innovativ, open og yte god service. Skatteinntektene skal gå til å skapa best moglege tenester for folk – og kommuneøkonomien må forvaltast ansvarleg. Kommunen skal bruke mindre på administrasjon og meir på menneske og tenester. Kommunen skal vera ein god arbeidsgjevar. Eit levande lokaldemokrati skal syte for deltaking og medverknad.

Oslo KrFs løysingar:

- Kommunen skal vera ein føreseieleg samarbeidspartnar for einskildmenneske, organisasjonar og verksemder.
- Ha ein langsiktig eigarskapsstrategi der kommunen held fram som eigar i selskap der sektorpolitiske, økonomiske eller strategiske grunnar tilseier dette.
- Halde på kommunen sitt eigarskap i energisektoren og vera ein aktiv eigar som legg vekt på samfunnstryggleik, forsyning og miljø.
- Ikkje innføre eigedomsskatt i Oslo.
- Gjennomgå Oslo kommune sine pensjonsordningar med tanke på å redusere dei langsiktige kostnadene.
- Arbeide for at staten tek høgde for Oslos særlege utfordringar og at dette blir spegla i inntektssystemet.
- Arbeide for at Oslo får tilbakeført ein del av selskappskatten.
- Utvikle digitale løysingar på nett og mobil som gjer det enkelt for innbyggjarane å finne fram i tenestetilbodet og kontakte kommunen.
- Redusere sakshandsamingstida, spesielt i Plan- og bygningsetaten.
- Bruke konkurranseutsetjing som verkemiddel for å sikre kvalitet og innovasjon i tenestene, men vera varsam med bruken av dette i «mjuke tenester». Konkurransenutsetjing skal aldri vera eit mål i seg sjølv.
- Konkurransenutsetjing skal leggje meir vekt på kvalitet enn på pris.
- Samle alt av kommunen sine kjøp av tenester i ei eiga innkjøpseining under finansbyråden, for slik å sikre kompetanse rundt og betre politisk styring med anbodskonkurransar.
- Sikre ein god balanse mellom kommunale, ideelle og andre private aktørar i tenestetilboda.
- Gje ideelle institusjonar og organisasjonar innan helse- og sosialområdet lange driftskontraktar – opptil ti år – slik at drifta kan vera stabil.
- Nytt offentleg-privat samarbeid (OPS) der dette er føremålstenleg.
- Stille strenge etiske krav til kommunen sine leverandørar, mellom anna at dei skal drive verksemda si i samsvar med SNs ti Global Compact-prinsipp og ILOs kjernekonvensjonar.
- Kommunen skal gjennom innkjøpa sine motarbeide at selskap unndreg skatt i land dei opererer i, eller plasserer midlane sine i skatteparadis.
- Stille krav om at Oslo pensjonsforsikring trekkjer seg ut av alle selskap, obligasjonar og fond som er direkte involverte i utvinning av tjæresand, kol, olje og gass.
- Føre ein føreseieleg og god arbeidsgjevarpolitikk i Oslo kommune.

- Gje fortrinnsrett til eksisterande **deltid**stilsette når det blir lyst ut nye deltidstillingar, slik at fleire av dei som ynskjer det, får arbeide fulltid.
- Sikre at kommunen sine tilsette i størst mogleg grad speglar befolkninga i byen. Særleg viktig er det å rekruttere fleire med minoritetsbakgrunn og menneske med funksjonsnedsetjingar, og ta godt vare på seniorane.
- Evaluere bydelsystemet, gjennomgå bydelane sine oppgåver, storleik og styring for å heve kvaliteten på kommunen sine tenester, gjera drifta meir effektiv og forsterke Oslos lokaldemokrati.
- Gje bydelane politisk og økonomisk handlingsrom.
- Vurdere å innføre ei ordning med utjamningsmandat på bydelsnivå.
- Leggje til rette for høg valdeltaking gjennom god informasjon og tilgjengelege vallokale over heile byen.
- Verne prinsippet om hemmelege val og difor gå imot e-val.
- Gjera Oslo til ein føregangskommune for personvern, og avgrense kameraovervaking til det som er absolutt naudsynt for tryggleiken til borgarane.

3. Byen med det store hjartet

Oslo skal vera ein by med rom for alle. Ein by der menneske opplever verdigheit, uavhengig av kulturell bakgrunn, sosial status, helse og økonomi. Oslo kommune skal fremja alle menneske sitt likeverd og like rett til personleg utvikling og realisering av sitt eige potensial.

Skal Oslo vera byen med det store hjartet, må vi syte for eit velfungerande tryggleiksnett for einskildmenneske som kjem i ein vanskeleg livssituasjon. Folk flest skal kjenne seg trygge på at kommunen sitt helse- og omsorgstilbod gjev god hjelp når dei treng det.

3.1 Ein samla by

Oslo skal vera ein samla by der vi utgjer ein fellesskap på tvers av etnisk, kulturell og religiøs bakgrunn. Oslo rommar heile breidda av befolkninga, men skilnadene inner i byen er store, fordi grupper som er overrepresenterte med levekårsproblem, i stor grad er busette i nokre bestemte delar av byen. Dette medverkar til at Oslo på vesentlege område er ein delt by.

Reduserte sosiale skilnader

Oslo er den kommunen i landet med størst skilnad i levekår. Ei målretta satsing har redusert levekårsskilnadene noko dei seinare åra, men framleis er kampen mot stor sosial ulikskap avgjerande for å sikre at alle i byen erfarer verdigheit og får like moglegheiter. Det aller viktigaste verkemiddelet for å hindre fattigdom er å syte for at folk kjem i arbeid eller blir verande i arbeid. Ein trygg og stabil bustadsituasjon er avgjerande for å kunna koma seg ut av fattigdom.

Oslo KrFs løysingar:

- Sikre at satsane for økonomisk sosialhjelp og andre stønader er til å leve av og blir regulerte i takt med prisstiging. Målet må alltid vera at sosialhjelp er ei kortvarig løysing.
- Gje alle som treng tenester frå det kommunale hjelpeapparatet, moglegheita til å delta i utforminga av sin eigen individuelle plan.
- Syte for at Oslo-skulen bidreg til at alle tileignar seg grunnleggjande lese- og skriveferdigheiter, at sosiale utfordringar blir fylgde opp tidleg, og at fleire blir kvalifiserte til arbeid.
- Tilby gode og varierte arbeidsmarknadstiltak og kurs, og utvide tilbodet om arbeidstrening/vaksenopplæring.
- Gje alle mottakarar av økonomisk sosialhjelp meiningsfull aktivisering.
- Sikre vanskelegstilte tilgang på eigen bustad og syte for tilstrekkeleg bustøtte, hjelp til å finne eigna bustad og tilbod om bustadlån.
- Sikre at byen har nok kommunale bustader, og at desse bustadene blir vedlikehaldne.
- Spreie den kommunale bustadmassen over heile Oslo og unngå samlokalisering av barnefamiljar og ibuarar som har utfordringar knytt til rusavhengigheit og psykiatri.
- Halde fram områdesatsingar i Groruddalen og Oslo Indre Øst med tanke på å redusere levekårsskilnader.

- Bevare dei frie rettshjelpstiltaka i byen.

Sjå elles eige avsnitt om barnefattigdom i kapittel 1.3

Inkludering

Oslo er Noregs mest mangfaldige, fleirkulturelle og internasjonale by, og den byen med høgast del borgarar med innvandrarakgrunn. Vi må lukkast betre i integreringspolitikken, slik at det ikkje oppstår parallellsamfunn og sosial marginalisering. Eit overordna mål må vera at innvandrarak som kjem til Oslo for å bli her, opplever seg respekterte og som ein del av fellesskapen med dei pliktene og rettane som andre innbyggjarar i Noreg har. Det er viktig at alle som ynskjer å bu her, sluttar opp om nokre grunnleggjande, felles verdiar. Integreringspolitikken må syte for at alle innvandrarak og borna deira lærer seg å meistre norsk, som er nykelen inn i det norske samfunnet.

Oslo KrFs løysingar:

- Sikre at mangfalds- og integreringsarbeidet i Oslo bidreg til at alle kan delta i samfunnslivet og lyfte fram mangfaldet i byen som ein positiv ressurs.
- Leggje grunnlaget for god integrering gjennom språkopplæring, målretta utdanningstiltak og kvalifisering til arbeid.
- Styrkje norskopplæringa i barnehage og skule, mellom anna gjennom kartlegging og tiltak retta mot born som treng særleg oppfølging og gje auka ressursar til skular med mange fleirspråklege elevar.
- Hjelp fleire innvandrarak inn i arbeidslivet, mellom anna gjennom rådgjevingstenester, jobbsøkjarkurs, mentorordningar, språkopplæring og aktiv rekruttering – særleg retta mot ungdom og kvinner.
- Forsterke det psykiske helsetilbodet til innvandrarak, slik at mellom anna menneske med traume kan få betre oppfølging.
- Syte for at Oslo kommune som arbeidsgjevar går føre som eit godt føredøme og rekrutterer fleire med minoritetsbakgrunn.
- Sikre at kulturelle normer ikkje hindrar born i å delta i undervisning. Ha eit tydeleg og praktikabelt regelverk overfor foreldre som tek borna sine ut av skulen.
- Arbeide for at den frivillige statsborgarskapsseremonien, der ein lovar truskap til Noreg og støttar demokratiet og menneskerettane, blir obligatorisk.
- Opprette skreddarsydd sumarskuleopplegg for nytilkomne ungdomar og ungdom med kort butid i Noreg for å stimulere språkutvikling og hindre fråfall.

3.2 Rom for alle – eit inkluderande Oslo

Oslo skal vera ein by med rom for alle – inkluderande, likestilt og fri for alle former for hets, diskriminering og rasisme. Vi har eit ansvar for å redusere menneskeskapte barrierar som stengjer menneske ute frå aktiv deltaking i samfunns- og arbeidslivet.

Likeverd og likestilling

Alle menneske er likeverdige uavhengig av alder, funksjonsevne, prestasjonar, kjønn, seksuell orientering, hudfarge, tru eller andre skilnader mellom menneske. Alle skal ha like moglegheiter, rettar og plikter. Oslo kommune skal vera ein føregangskommune for likestilling mellom personar med ulik bakgrunn.

Oslo KrFs løysingar:

- Styrkje og vidareutvikle arbeidet i Oslo Extra Large – en by for alle (OXLO).
- Sikre at Oslo kommune som arbeidsgjevar arbeider målretta for å fremja likestilling og hindre diskriminering, og at den personalpolitiske strategien skal leggje vekt på at det skal vera like moglegheiter for alle, uavhengig av alder, kjønn og etnisitet.
- Intensivere det førebyggjande arbeidet mot antisemittisme, med særleg vekt på skulen si rolle. Alle Oslo-skular bør markere SNs minnedag for Holocaust.
- Ha eit førebyggjande arbeid mot diskriminering og hets av romfolk (antisiganisme) – der Oslo-skulen blir spesielt involvert.

Menneske med nedsett funksjonsevne

Menneske med nedsett funksjonsevne møter ofte barrierar som fører til at dei blir ekskluderte. Dette gjeld både i dei fysiske byromma og i kontakt mellom menneske. Samfunnet skal vera universelt utforma og tilgjengeleg for alle. Universell utforming er bra for alle, og naudsynt for mange. Oslo skal leggje til rette for at fleire menneske med nedsett funksjonsevne som ynskjer å arbeide, blir inkluderte i arbeidslivet. Oslo skal vera ein by der funksjonshemja skal kunna leve gode, sjølvstendige og trygge liv.

Oslo KrFs løysingar:

- Bidra til å verkeleggjera Oslo kommunes plan for universell utforming.
- Sikre fritt brukarval for individuelle hjelpetiltak for alle menneske med nedsett funksjonsevne.

I kartlegginga av behovet for bustader til funksjonshemja/utviklingshemja, slik det blir lagt vekt på både det kortsiktige og langsiktige behovet.

- Sikre nok kommunale bustader for menneske med nedsett funksjonsevne.
- Gje god rådgjeving og oppfølging til brukar- og foreldregrupper som ynskjer å byggje private bustader til utviklingshemja med offentlege tilskot.
- Gje god rådgjeving og oppfølging til personar med nedsett funksjonsevne som ynskjer å kjøpe sin eigen bustad med offentleg tilskot.
- Vidareutvikle Oslo kommunes trainee-ordning for å få menneske med nedsett funksjonsevne i arbeid.
- Leggje meir vekt på objektiv karriererettleiing og etablere karriererettleiingssenter i Oslo.
- Syte for at foreldre til born med funksjonsnedsetjingar får god oppfølging av det offentlege hjelpeapparatet, særleg når borna deira er i overgang mellom ulike skuletypar og i overgangen mellom fullført utdanning og arbeidsliv. Familiane skal ha ein fast koordinator i hjelpeapparatet.
- Ha gode avlastingsordningar for familiar med funksjonshemja born.
- Leggje til rette for at funksjonshemja born skal kunna delta på fritidsaktivitetar.
- Overføre TT-ordninga til Ruter og sikre at Oslo framleis har ei god TT-ordning.

3.3 God folkehelse

Folk som bur i Oslo, har betre helse enn nokon gong. Helseutfordringane i åra som kjem, vil fyrst og fremst knyte seg til livsstilssjukdomar og psykisk helse. Dette er helseutfordringar som kan førebyggjast. Vi må difor leggje til rette for at folk kan ta ansvar for si eiga helse gjennom ein sunn livsstil, samstundes som vi sikrar naudsynt helsehjelp til alle som treng det.

Oslo KrFs løysingar:

- Prioritere det førebyggjande folkehelsearbeidet, mellom anna gjennom at kvar bydel skal ha ein tverrfagleg folkehelseplan.
- Sikre at folkehelsearbeidet har som mål å redusere helseskilnadene mellom bydelar.
- Styrkje helsestasjonane og skulehelsetenesta.
- Byggje ein ny storbylegevakt knytt til eit akuttsjukehus.
- Arbeide for at Oslo har eit godt og heilskapleg sjukehusstilbod med tilstrekkelege sjukehusplassar når befolkninga veks.
- Gjenopne Aker sykehus som fullverdig lokalsjukehus i Oslo.
- Styrkje rehabiliteringstilbodet etter sjukehusopphald, slik at menneske kan koma raskare tilbake til kvardagen og jobb.
- Ha eit nært samarbeid mellom den kommunale helsetenesta og psykiatrien, for å sikre at alle som treng psykisk helsehjelp, får rask behandling.
- Styrkje lågterskeltilbod innan psykisk helse, særleg retta mot born og unge. Vurdere eit lågterskel psykologtilbod der det kan vera mogleg å få behandling utan tilvising.
- Arbeide for at kvar bydel har sitt eige lærings- og meistringssenter for kronisk sjuke – der ein mellom anna engasjerer inn frivillige organisasjonar.
- Støtte frivillige og ideelle organisasjonar som driv førebyggjande psykisk helsearbeid og gjev behandling og støtte.
- Utvide kapasiteten i tannlegetenesta, og sikre tilgangen til tannhelseteneste for utsette grupper.
- Ha eit godt helsetilbod for gravide og nybakte mødrer i bydelane og tilby heimebesøk etter fødsel.
- Arbeide for å førebyggje uynskte svangerskap og abortar, mellom anna ved å integrere dette i det lokale folkehelsearbeidet, støtte ideelle aktørar som arbeider på feltet og styrkje seksualundervisninga i skulen.

3.4 Ein føregangsby for kvalitet i eldreomsorga

Ein god alderdom handlar om å kunna vera ein aktiv samfunnsborgar, ha ansvar for seg sjølv og eiga helse så lenge egne krefter strekk til og oppleve seg nyttig i samfunnslivet. Når behova for hjelp melder seg, må eldre få tilbod om naudsynte helse- og omsorgstenester, eigna buform og anna hjelp. Dei sjukaste eldre må sikrast sjukeheimplassar, andre må sikrast gode heimetenester og velferdsteknologi i heimen. Oslo skal vera ein føregangsby for kvalitet i eldreomsorga.

Ein god og trygg alderdom handlar å kunna ta ansvar for seg sjølv og eiga helse så lenge som mogleg, dessutan om å kunna vera ein aktiv samfunnsborgar. Når – eller dersom – behova for hjelp melder seg, skal eldre ha gode og føreseielege tilbod om naudsynte helse- og omsorgstenester. Det dreier seg om gode og varierte heimetenester, tilbod om velferdsteknologi i heimen som det ikkje er naturleg at den einskilde skaffar sjølv, om plass på helsehus (korttidssjukeheim) for rehabilitering, eller på langtidsheim, som då oftast blir den siste heimen for dei eldre.

Moglegheit for å bu heime når ein har hjelpebehov

KrFs mål er at endå fleire eldre med hjelpebehov skal kunna bu heime heile livet eller lengst mogleg, og oppleve tryggleik og sjølvstende.

Oslo KrFs løysingar:

- Vidareutvikle gode heimetenester som også tek i bruk velferdsteknologi.
- La kvardagsrehabilitering og hjelp til eigenmeistring vera det som kjem fyrst av heimetenestene sine tiltak. Den eldre skal få hjelp til mest mogleg å ta vare på funksjonsnivået sitt og til å trene seg opp etter funksjonsfall og sjukdom. Eigenmeistring er det som gjev størst fridom og sjølvstende.
- For den som ikkje har nytte av kvardagsrehabilitering, skal andre tenester gjevast etter dei behova som er der i det einskilde tilfellet.
- Arbeide for at det skal vera størst mogleg likeverd i heimetenesta sine tenester uavhengig av kva bydel ein bur i.
- Styrkje kunnskapen heimetenestene har om god ernæring for eldre og oppfølging av eldre som står i fare for å bli underernærte.
- Hindre einsemd hjå heimebuande eldre ved å invitere til fellesskap på seniorsenter, til dømes med måltid, eller leggje til rette for frivillige besøksvenner som kjem heim til dei, fylgjer til aktivitetar utanfor heimen, og liknande.
- Gjennomgå kva for nokre av behova til eldre hjelpetrengande som må dekkjast av heimetenesta sine folk, og kva for nokre som det er betre at blir dekte ved hjelp av frivillige besøksvenner.
- Styrkje samarbeidet med frivillige organisasjonar som kan gje eldre meningsfull aktivitet i kvardagen, menneskeleg fellesskap og kontakt med ulike generasjonar.
- Sikre at eldre og andre brukarar av heimetenesta framleis skal kunna velja fritt mellom ulike leverandørar av tenestene.
- Vera ein pådrivar overfor statlege styresmakter for å få innført krav om politiattest for dei som arbeider i eldreomsorga, både i heimetenesta, omsorgsbustader og institusjonar.
- Vidareutvikle demensomsorga og kompetansen i heimetenestene, slik at ein kan bu heime med demens og få god støtte, rettleiing og hjelp.
- Sikre god avlasting og støtte til pårørande som bur saman med ein som er råka av demens.

Omsorgsbustader og Omsorg+

Ikkje alle eldre kan klare seg i sin opphavlege bustad fordi han ikkje gjev tilstrekkeleg tryggleik, eller dei treng hjelp frå kommunen til å skaffe seg eigen bustad i alderdomen.

Desse skal kjenne tryggleik for at dei får hjelp. Oslo byggjer no ut Omsorg+, der eldre etter vedtak i bydelen kan leige husvære i eit bustadkompleks der det er døgnkontinuerleg vakt som kjem innan få minutt. Omsorg+ har også kafé der ein kan kjøpe varm mat kvar dag, og mange aktivitetar som ein kan vera med på. Dei som bur der, får tenester frå kommunen si heimeteneste etter behov, akkurat som dei ville fått i ein annan bustad. For mange vil Omsorg+ vera nok hjelp til å kunna bli buande heime heile livet eller lengst mogleg. Omsorg+ er kommunale bustader. Oslo har i dag 545 Omsorg+-husvære og held på å byggje ut til 1 500 slike bustader innan 2020.

Oslo KrFs løysingar:

- Vurdere om 1 500 Omsorg+-bustader innan 2020 er tilstrekkeleg for å dekkje behovet for kommunale Omsorg+-bustader.
- Arbeide for at Omsorg+-husa også gjev tilbod om fellesskap og tenester for heimetenesta sine brukarar som bor i nærområdet.
- Syte for at Omsorg+-husa har gode ordningar for velferdsteknologi.

Heildøgnspleie

Nokre eldre treng heildøgnspleie på sjukeheim. Oslo legg for tida om sjukeheimstilbodet sitt, slik at alle korttidssjukeheims plassar blir samla på eigne sjukeheimar som heiter helsehus. Oppgåva her er å gje god oppfølging til utskrivingsklare pasientar som kjem frå sjukehus, så dei blir friske eller friskare før dei reiser heim til seg sjølve. Helsehusa er også meint for heimebuande eldre som kan trenge opptrening for å kunna bu heime lenger.

Fleire og fleire av dei som treng langtids plass på sjukeheim, vil vera råka av demenssjukdom. Langtidsheimane skal bli meir like ordinære heimar og kunna fungere mest mogleg som heime. Nærmiljøet må trekkjast inn i sjukeheimen, og dei daglege aktivitetane skal gje gode kvardagsliv for dei som bur der. Sjukeheimane må gje god rørslefridom ute og inne.

Oslo KrFs løysingar:

- Sikre rask handsaming av søknader om plass på Omsorg+, omsorgsbustader eller sjukeheim, dessutan syte for rask handsaming av klager.
- Helsehusa skal sikrast naudsynt medisinsk kompetanse og utstyr for oppgåva, og treningsfasilitetar som gjev høve til god rehabilitering.
- Alle helsehus må innehalde treningshusvære for menneske som snart skal flytta heim.
- Styrkje bruk av velferdsteknologi i både helsehusa og langtidsheimane.
- Systematisk byggje ut leiingskompetansen hjå institusjonsleiarane.
- Auke kompetansen på demensomsorg blant tilsette i sjukeheimane.
- Auke kunnskapen om ernæring og tillaging av maten, slik at det blir ein hyggeleg atmosfære rundt måltidet.
- Styrkje tilbodet om tannhelsetenester i langtidsheimane.
- Arbeide for at det framleis ikkje er kø for å få plass på helsehus og langtidsheimar i Oslo.
- Langtidsheimane skal framleis ha einarom, slik at ingen bur på dobbeltrom motvillig.

- Arbeide for at eksisterande og nybygde langtidsheimar mest mogleg får preg av å vera ibuarane sin heim. Desse skal også organiserast som heimar, ikkje som sjukehus.
- Alle nye langtidsheimar skal vurderast bygde som landsbyar med god rørslefridom ute og inne for dei som bur der.
- Auke tempoet med å rehabilitere og nybyggje 2 500 sjukeheims plassar før eldrebefolkninga aukar kraftig frå ca. 2025, jf. målet i sjukeheimsbehovsplanen.
- Sikre at det er ein god balanse med ulike driftsformer i sjukeheimar. KrF ynskjer at både kommunen, ideelle organisasjonar og andre private aktørar skal kunna drifte Oslos sjukeheimar, sidan dette gjev god dynamikk for utvikling av sjukeheimsdrifta.
- Ikkje gjennomføre nye rundar med konkurranseutsetjing av sjukeheimar.
- Leggje vekt på å skapa ein innovasjonskultur innan dei ulike tenestene i eldreomsorga for å kunna gje dei eldre god livskvalitet og gjera eldreomsorga berekraftig når det blir fleire eldre.
- Auke grunnbemanninga på sjukeheimar.
- Legetenesta blir styrkt slik at det er lege til stades på helsehusa på dagtid, om kvelden og i helger.

3.5 Rusomsorg – hjelp til eit rusfritt liv

Mange menneske lid grunna eiga eller andre si rusavhengigheit. Vi trur på ein heilskapleg ruspolitikk der førebygging, behandling og oppfølging skjer i samhandling mellom spesialisthelseteneste, kommune og pasient. I kommunen er bustad, arbeid og fritidsaktivitetar viktige faktorar for deltaking og sosial inkludering. Vi trur på einskildmenneske sin unike verdi og moglegheit for endring og eit rusfritt liv.

Oslo KrFs løysingar:

- Styrkje det rusførebyggjande arbeidet i alle delar av Oslo kommune si verksemd, og tydeleggjera ansvaret for det førebyggjande arbeidet i bydelane, skulane og andre relevante aktørar.
- Leggje vekt på at alle rusavhengige blir møtte med respekt som einskildindivid, både av ordensmakt og behandlingsapparat.
- Vidareføre eit langsiktig arbeid for å hindre opne omsetjingsstader for narkotika og hindre rekruttering inn i rusmiljø.
- Leggje press på Helse Sør-Øst for at dei skal opprette fleire avrusingsplassar for rusavhengige.
- Sikre at alle med behov får tilbod om avrusing og behandlingsplass så raskt som mogleg. Bruke meir ressursar på å motivere rusavhengige for behandling og tilby motivasjonsplassar i påvente av behandling i spesialisthelsetenesta.
- Kjøpe behandlingsplassar hjå ideelle aktørar der den rusavhengige sjølv bed om ein slik plass.
- Sikre at det finst medikamentfrie behandlings- og motivasjonstilbod for dei som ynskjer det.
- Seia nei til eit prøveprosjekt for heroinassistert behandling av rusavhengige.

- Intensivere utdelinga av motgifta Nalokson som eit ledd i å førebyggje overdosedødsfall.
- Støtte lågterskel helsetilbod til rusavhengige, gjerne i regi av ideelle organisasjonar.
- Sikre møtestader og ulike sosiale tilbod som blir drivne av organisasjonar.
- Syte for at det ligg føre ein plan for bustad, sosial trening, arbeid og utdanning når ruspasientar har fullført behandlinga si.
- Auke kapasiteten innan lågterskel arbeidstreningstilbod, og bruke tilbodet aktivt for å motivere folk til rusfrie dagar og behandling.
- Sikre at rehabiliterte rusavhengige skal få bustad i eit rusfritt miljø.
- Leggje til rette for fleire rusfrie møteplassar, særleg for ungdom.

3.6 Vald i nære relasjonar

Vald i nære relasjonar er Noregs største helse- og kriminalitetsproblem. Det er eit stort behov for ei sterk satsing for å kjempe ned denne valden. Ikkje minst er det viktig for alle borna som opplever vald i sine nære relasjonar. Forsking viser at den som blir slegen, ofte endar opp med å slå sjølv.

Oslo KrFs løysingar:

- Gje auka kompetanse om vald i nære relasjonar hjå dei som arbeider med born.
- Utvikle eit tettare samarbeid mellom bydelane og Oslo krisesenter.
- Sikre oppfølging av valds- og valdtekstråka gjennom å støtte valdtekstmottaket, Dixi ressurscenter og krisesenter.
- Gje tilbod om hjelp til dei som utøver vald og til familiane deira.

3.7 Prostitusjon – vern og hjelp til eit nytt liv

Personar som sel seksuelle tenester, er ei særleg sårbar gruppe. Dei har særlege behov for eit godt, lågterskel fysisk og psykisk helsetilbod, og vern mot vald og overgrep. Samfunnet må stille opp med hjelp til menneske som ynskjer å koma ut av prostitusjon.

Oslo KrFs løysingar:

- Sikre gode lågterskeltilbod til menneske som er i prostitusjon, gjerne i regi av frivillige og ideelle organisasjonar.
- Bevare PRO-senteret.
- Forsterke Oslo kommunes handlingsplan mot prostitusjon.
- Styrkje det sosial- og helsefaglege arbeidet som blir gjort med personar med prostitusjonserfaring, irekna både lågterskeltilbod, skadereducerande arbeid og tiltak som hjelper personar ut av prostitusjon og menneskehandel.
- Oppsøkjande arbeid på prostitusjonsarenaene må vidareførast og tilpassast utviklinga i prostitusjonsmarknadene, irekna både gatemarknaden, innemarknaden og internett.
- Sikre førebyggjande arbeid mot risikoutsette born og unge.

- Etablere opplæringstiltak som hevar kompetansen om prostitusjon blant tilsette i bydelar og etatar som kan møte på personar med prostitusjonserfaring i arbeidet.
- Etablere tiltak som både førebyggjer det å bli utsett for vald, og styrkjer rettsvernet til dei som blir utsette for vald.

3.8 Ein solidarisk by

Kvardagen vår blir påverka av det som skjer rundt oss. Oslo skal vera ein raus og solidarisk by som gjev menneske på flukt ei trygg hamn.

I Oslos gater ser vi no tydelege uttrykk for den nauda som finst i Europa. Mange fattige menneske kjem reisande til byen vår. Tigging er inga løysing på noko sosialt problem, og vi må hjelpe menneske ut av tiggjesituasjonen. Det er viktig å både halde orden i det offentlege rommet og møte alle som oppheld seg i byen, med verdigheit og respekt.

Oslo KrFs løysingar:

- Sikre at Oslo kommune tek imot det talet på flyktningar som IMDi bed oss om å ta imot.
- Signalisere overfor statlege styresmakter at Oslo kommune også er villig til å ta imot flyktningar med særlege oppfylgingsbehov.
- Sikre papirlause tilgang på helsetenester.
- Styrkje dei sosiale tiltaka for sesongbustadslause og menneske som tiggjar i Oslo, fortrinnsvis i samarbeid med frivillige og ideelle organisasjonar.
- Ha ein meir aktiv politikk for å syte for at alle i byen har tilgang på grunnleggjande sanitærtilbod og akuttovernatting når det er behov for dette.
- Seia nei til alle former for tiggeforbod.
- Samarbeide med ideelle organisasjonar om tiltak som kan hjelpe menneske ut av tiggjesituasjonen.
- Gjennom samarbeidsorganet mellom Oslo kommune og Oslo-politiet, politiutvalet, arbeide for at Oslo kommunes politivedtekter blir handheva på ein human måte i møte med fattige tilreisande.
- Ha ein god dialog med politiet for å førebyggje menneskehandel og annan kriminalitet blant fattige tilreisande.
- Styrkje kompetansen hjå politiet for å avdekkje menneskehandel og kriminalitet.

4. Den grønne storbyen

Oslo er ein by i sterk vekst og går raskt mot å bli ein millionby. Marka, dei mange parkane og grøntområda og nærleiken til fjorden gjer Oslo unik. KrF vil at byen skal vekse slik at han held på særpreget sitt med grønne og blå lungar – med rein luft, mindre miljøgifter og reduserte klimautslepp.

4.1 Vidareutvikle den blågrønne byen

Oslos sterke vekst gjev både utfordringar og moglegheiter til å vidareutvikle den blågrønne byen. Byen må vekse på ein måte som gjer at han sikrar gode bumiljø og arbeidsplassar, samstundes som han held på særpreget sitt med grønne og blå lungar.

Byutvikling og bustad

I åra som kjem, må vi utvikle nye, attraktive byområde over heile byen, og satse på konsentrert busetnad og korte avstandar, slik at folk kan ha nærleik til kvarandre og bruke lite tid på arbeidsreiser. Vi må sikre gode byrom og møteplassar når nye bustadområde blir utvikla. Bysentrum skal vera levande, attraktivt og trygt.

Oslo KrFs løysingar:

- Fortette og byggje ut bustader og arbeidsplassar i nærleiken av kollektivknutepunkt.
- Byggje ut Gjersrud/Stensrud-området og sikre forlenging av t-bana.
- Tillate høghus nær kollektivknutepunkt når dette bidreg til attraktivt bumiljø.
- Ha ein aktiv politikk for å sikre at bustadbygginga i Oslo aukar kraftig i åra som kjem.
- Bevara dei samanhengande småhusområda som Oslo har.
- Leggje til rette for at barnefamiljar kan bli buande i sentrumsnære område, mellom anna ved å sikre gode leikeareal.
- Utvikle lokale torg- og møteplassar.
- Gjera om gamle barneparkar til parkar i bydelane, gjerne drivne av velforeiningane.
- Etablere nye bydelar og buområde på nærings- og industriareal.
- Leggje til rette for at det framleis kan drivast handelsverksemd i sentrum, mellom anna ved å sikre moglegheit for parkering og varelevering.
- Arbeide for gode togsamband inn til Oslo, slik at bustadbygginga kan spreiaast. Særleg viktig er det å leggje til rette for transportsamband til Hønefoss/Sundvollen-området.
- Syte for at det finst ein variert bustadmasse i alle delar av byen, med både større familiebusstader og mindre einingar.

Satsing i Groruddalen, Gamle Oslo og i Oslo Sør

Oslo har nokre område som fortener særleg merksemd. Groruddalen, Gamle Oslo og Oslo Sør er slike område. KrF vil vidareføre og forsterke områdesatsingane i desse delane av byen.

Oslo KrFs løysingar:

- Vidareføre Groruddalssatsinga i 10 nye år med vekt på miljøvenleg transport, utvikling av grøntområde, utvikling av nye bustadområde og betre oppvekstvilkår for born og unge.

- Leggje lok over delar av E6 ved Furuset senter for å utvikle nye bustadområde.
- Arbeide for at det blir etablert ein ny politihøgskule i Groruddalen.
- Forlenge Oslo Sør-satsinga i bydel Søndre Nordstrand i 10 nye år med tiltak som gratis kjernetid i barnehage og i aktivitetsskulen, oppgradering og opprusting av uteområde, og støtte til lokale lag og organisasjonar.
- Fylgje opp Tøyen-løftet med satsing på skule, ein større Tøyen-park med samanhengande grøntdrag, etablering av badeanlegg og vitensenter, oppussing av torg og t-banestasjon og færre kommunale bustader konsentrert i området.
- Setja i verk tiltak for å lyfte andre område i Oslo Indre Øst, etter inspirasjon frå dei andre områdesatsingane.
- Gradvis redusere aktiviteten på Alnabruterminalen og på sikt flytta aktiviteten ut av byen.

Bevara blågrønt preg gjennom bruk

Skal Oslo halde på sitt blågrøne preg, må Marka, vassdraga, dei grønne åsane og grøntområda bevarast. Det må leggjast til rette for bevaring gjennom aktiv bruk av friluftsområda. Samstundes må nokre viktige naturverdiar vernast.

Oslo KrFs løysingar:

- Bevara Markagrensa og setja i verk tiltak som reduserer konflikten mellom ulike former for friluftsliv. Målet er at Marka skal vernast gjennom aktiv bruk.
- Etablere nokre inngrepsfrie område i Marka for å sikre særleg verdifull gamalskog.
- Bevara og verne parkane og grøntområda i byen mot utbygging.
- Sikre byens grønne preg gjennom aktiv skjøtsel av byvegetasjon og kulturlandskap.
- Ha ein plan for nyplanting av bytre.
- Halde parkar og grøntområde frie for søppel.
- Halde fram skjøtselen og gjenopninga av elvar og bekker som er lagde i røyr, og syte for god reinsing av Oslos vassdrag.
- Sikre ålmenta tilgang til strandsona og øyane i Indre Oslofjord.
- Fullføre kyststien, ruste opp badeplassar langs fjorden og etablere nye båtplassar i regi av foreiningane.
- Utvikle urbant jordbruk, mellom anna gjennom å etablere fleire parsellhagar og leggje til rette for grønne tak.
- Sikre det biologiske mangfaldet i byen gjennom skjøtels- og vernetiltak.

4.2 Ein berekraftig by

Oslo skal vera ein internasjonalt leiande miljøby. Vi skal sikre rein luft, god avfallshandtering og redusere miljøgiftene som omgjev oss. Menneskeskapte klimaendringar er ei av vår tids største utfordringar. Oslo går føre i arbeidet med å redusere utslepp av klimagassar.

Miljøbyen Oslo

Eit godt lokalt miljø gjev livskvalitet og helse. I dag får mange Oslo-borgarar helseplager av dårleg luftkvalitet og opphoping av miljøgifter. KrF vil gjera Oslo-miljøet betre gjennom tiltak for å sikre rein luft, rein jord og reint vatn. Det må bli enklare for folk å velja miljøvenleg i kvardagen.

Oslo KrFs løysingar:

- Syte for at Oslo oppfyller nasjonale og internasjonale krav knytt til grenseverdier for støv og luftforureining.
- Setja restriksjonar på tungtransport i bustadområde og avgrense talet på dieselkøyretøy på dagar med dårleg luftkvalitet.
- Påleggje bruk av landstraum for ferjer og cruiseskip.
- Gjera kjeldesortering i hushaldningar og næringsverksemd obligatorisk.
- Innføre kjeldesortering av glas og metall i dei einskilde husstandane.
- Ha ei betre handtering av spesialavfall.
- Fjerne miljøgifter på gamle industritomter og halde fram reinsinga av hamnebassenget.

Ein føregangsby for klimakutt

Sjølv om klimautfordringane er globale, finst ofte dei gode løysingane lokalt. Oslo har ambisiøse mål om å redusere klimagassutsleppa med 50 prosent¹ innan 2030 og vera ein nullutsleppsby innan 2050. KrF vil særleg ta tak i dei to store kjeldene til CO₂-utslepp i Oslo – vegtrafikk og fossil oppvarming.

Oslo KrFs løysingar:

- Veksten i Oslo-trafikken skal skje utan auke i biltrafikken og berre gjennom kollektivtrafikk, sykkel og gange.
- Innan 2020 skal all kollektivtransport i Oslo vera utsleppsfri.
- Alle nye bilar som kommunen kjøper, skal vera nullutsleppsbilar, og etter 2020 skal ingen bilar som kommunen disponerer, bidra til klimagassutslepp.
- Stille strengare miljøkrav til taxinæringa ved tildeling av konsesjonar.
- Leggje til rette for tilstrekkeleg tal på ladestasjonar for el-bilar, hurtigladestasjonar og fylllestasjonar for hydrogen og biogass.
- All bruk av fossil energi til oppvarming skal fasast ut innan 2020.
- Auke produksjonen av rein energi, slik som biogass frå avfall, jordvarme og solenergi.
- Innføre ei lokal CO₂-avgift på fyringsolje som blir øyremerkte klima- og energitiltak i private bustader.

4.3 Eit moderne og miljøvenleg transportsystem

Eit moderne og miljøvenleg transportsystem er avgjerande i kvardagen vår, både for skule, jobb, næringsliv og fritidsaktivitetar. Samferdsleløyisingane legg viktige føringar for kvar folk vel å busetja seg i byen, og for kvar det blir etablert verksemdar og arbeidsplassar.

KrF vil at folk i Oslo skal kunna ferdast trygt, enkelt og mest mogleg miljøvenleg. All ny trafikkvekst skal takast gjennom vekst i gange, sykkel og kollektivtransport. Prinsippet om universell utforming skal leggjast til grunn i alle veg- og kollektivprosjekt.

¹ Samanlikna med 1991-nivå.

Kollektivtransporten skal prioriterast

Transportsektoren står for dei største klimagassutsleppa i Oslo og er også den viktigaste kjelda til lokal luftforureining. Eit godt kollektivtilbod er det viktigaste verkemiddelet for å unngå trengsle, betre det lokale miljøet og oppnå klimakutt. Gode kollektivløysingar vil gjera kvardagsreisene enklare for folk flest. Den viktigaste oppgåva for å betre transporten i Oslo er å få eit ekstra tunnellaup for tog og t-bane gjennom Oslo sentrum.

Oslo KrFs løysingar:

- Prioritere kollektivtransport framfor privatbilisme, og sikre kollektivtransporten betre framkome.
- Auke delen av Oslopakke 3 som går til kollektivtransport.
- Ha kollektivprisar som stimulerer til auka bruk av buss, trikk og bane.
- Byggje t-bane til Fornebu så raskt som mogleg.
- Arbeide for at det blir ei t-bane til A-hus og få dette prosjektet inn i ein ny versjon av Oslopakke 3.
- Starte planlegginga av ny t-banetunnel gjennom sentrum.
- Oppgradere heile trikke- og t-banenettet i åra som kjem, og greie ut nye aktuelle liner for trikk og t-bane.
- Starte arbeidet med eit nytt, tverrgåande t-banesamband i Groruddalen.
- Byggje ny trikkeline frå Sinsen via Tonsenhagen til Linderud.
- Kjøpe inn nye og støysvake trikkar.
- Ha eit effektivt bussrutenett, fleire tverrgåande bussamband og utvide nattbussordninga.
- Byggje ein diagonal frå Trondheimsveien ned til Østre Aker vei, for deretter å nedgradere Trondheimsveien.
- Etablere ein ny bussterminal i tilknytning til Oslo S.
- Vidareutvikle og forbetre båt- og ferjetilbodet på fjorden.
- Stille krav om låg- eller nullutsleppsteknologi ved anbod på bussar og båtar.
- Setja i verk tiltak som medverkar til at gjennomgangstrafikken, inkludert godstrafikken, blir slusa utanom byområdet.
- Arbeide for å styrkje jernbanetilbodet rundt Oslo, både for å sikre effektiv persontransport og få meir gods over frå veg til bane.
- Vera ein pådrivar for rask utbygging av dobbeltspor i Intercity-triangelet.
- Lyfte opp viktigheita av å byggje Ringeriksbanen frå Sandvika til Hønefoss, eit prosjekt som både vil redusere reisetida mellom Oslo og Bergen med éin time og utvide bustad- og arbeidsmarknaden.
- Leggje til rette for bygging av ein ny jernbanestasjon på Breivoll.
- Sikre eit velfungerande, trygt og miljøvenleg taxitilbod i Oslo, mellom anna ved å stille krav om nullutsleppsilar i taxinæringa.
- Setja opp semi-hurtigladarar (11–22 kW) på einskilde drosjehaldeplassar.
- Byggje ut fleire gangveggar.

Sykkelbyen Oslo

Sykkelen er det mest miljøvenlege transportmiddelet, og sykling bidreg til folkehelse og betre bymiljø. Det må difor bli enklare og tryggare å ta seg fram med sykkel i Oslos gater. KrFs mål er å auke sykkeldelen frå 8 prosent (2013) til 16 prosent innan 2025.

Oslo KrFs løysingar:

- Byggje ut eit samanhengande sykkelvegnett inn mot sentrum i laupet av dei neste fire åra.
- Senke fartsgrensa i sentrumsnære gater, slik at sykkistar og bilar kan ta seg fram i dei same gatene.
- Byggje to sykkelekspressveggar inn til Oslo sentrum.
- Utvide moglegheitene for sykkelparkering og setja i verk tiltak for å sikre mot tjuveri.
- Etablere nokre sykkelservicestasjonar rundt i byen, der sykklistane kan utføre enkelt vedlikehald på sykkelen sin.
- Utvide bysykkelordninga til nye område av byen.
- Setja i verk tiltak for å unngå konflikhtar mellom ulike trafikantgrupper.

Sikker og miljøvenleg bilbruk.

Eit godt kollektivtilbod og betre forhold for gåande og syklende vil redusere behovet for bilkøyring i Oslo. Målet må vera at stadig færre blir avhengige av å bruke bilen. KrF vil ta i bruk tiltak som reduserer bilkøyringa og gjer bilparken meir miljøvenleg. KrF vil prioritere vegprosjekt som aukar framkoma for kollektivtrafikken, betrar trafikktryggleiken og reduserer lokale miljøproblem.

Oslo KrFs løysingar:

- Bruke bomringen aktivt for å stimulere til redusert bilbruk i rushtida og meir miljøvenlege bilar.
- Etablere fleire ladestasjonar for el-bilar over heile byen.
- Stimulere til delingsordningar for bil og leggje betre til rette for at bilkollektiv kan etablere parkeringsplassar.
- Etablere parkeringsanlegg ved kollektivknutepunkt utanfor bomringen.
- Vurdere «carpooling» som tiltak for å redusere biltrafikken.
- Oppretthalde piggdekkgebyret som eit permanent miljøtiltak for å redusere mengda av svevestøv.
- Bruke moglegheita til å etablere lågutsleppssoner i område som er plaga av sterk luftforureining.
- Prioritere vedlikehald og re-asfaltering av vegnettet i byen.
- Byggje om farlege kryss for å redusere ulukkesrisiko.
- Leggje meir veg under bakken for å leggje til rette for byfornyng og betre arealutnytting.

Oslopakke 3

Oslopakke 3 er ein plan for vegutbygging, drift og utbygging av kollektivtrafikk i Oslo og Akershus. Oslopakke 3 har ei total kostnadsramme på 108 milliardar og 60 prosent av dette går til drift og utbygging av kollektivtrafikk.

Utan eit slikt samarbeid fylka imellom hadde det ikkje vore mogleg å realisere dei transportløysingane som er naudsynte for ein region i kraftig vekst. Samarbeid krev alltid kompromiss, men Oslopakke 3 gjev viktige bidrag til sikker, miljøvenleg, effektiv og tilgjengeleg transport i Oslo og Akershus. KrF har, saman med Høgre, Arbeidarpartiet og Venstre, bidrege til fleirtal for Oslopakke 3 i Oslo bystyre.

KrF vil bidra konstruktivt til å vidareføre og vidareutvikle Oslopakke 3 i neste fireårsperiode, slik at Oslos innbyggjarar får betre kollektiv- og vegløysingar. I dette arbeidet vil KrF leggje vekt på å styrkje kollektivdelen i pakka.